



**Statens vegvesen**

Sweco Norge AS – avd. Bergen  
Fantoftveien 14P  
5072 BERGEN

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Odd Høydalsvik / 55516377 17/104280-2 16.08.2017

## **Varsel om oppstart av detaljregulering næringsareal på Smålonane – gnr. 35 bnr. 498 m. fl. Straume – Fjell kommune**

Vi viser til Dykkar brev av 05.07.17 med varsel om oppstart av detaljregulering for næringsareal på Smålonane, gnr. 35, bnr. 498 m. fl. på Straume i Fjell kommune.

Planområdet er på om lag 36,7 daa og ligg på sørsida av fylkesveg 209 Arefjordvegen. I kommunedelplan (KDP) for Straume 2005–2018 er området avsett til nærings- og forretningsområde, merkt N1. Føresegner legg føringer for å legge til rette for lett industri, engrosfirma og sal av plasskrevjande varer. I gjeldande utbyggingsplan for Straume sør, Felt F-I-1, vedteken i 2000, er området regulert til lettare industri, kontor- og forretning med tilhøyrande anlegg.

### **Føremål med planarbeidet.**

Hovudføremålet med planarbeidet er nærings- og forretningsføremål i form av varehandel, både plasskrevjande varer og detaljhandel. Det er ynskjeleg å legge til rette for etablering av opp mot 25000 m<sup>2</sup> nye næringsbygg. Mogelege utfordringar i planarbeidet kan verte parkering, infrastruktur og omfang/utforming og trafikk. Tiltaka i eit planframlegg vil medføre auking i biltrafikken, medan det gjennom KDP for Straume blir lagt opp til ei utvikling i retning av miljøgater og redusert trafikk.

Som det går fram av føresetnadane for planarbeidet vert det lagt opp til ei utvikling av området som vil føre til auka trafikk i strid med føresetnadane i kommunedelplan (KDP) for Straume 2008–2018. I eit så sentralt område som Straume er det svært viktig at det vert lagt opp til utbygging som ikkje fører til vesentleg auke av biltrafikken slik intensjonen er i kommunedelplanen. Dette er viktig i samband med m.a. utforming og dimensjonering av talet på parkeringsplassar. Som del av dette arbeidet er det viktig å legge til rette for tilstrekkeleg tal på sykkelparkeringsplassar som alternativ til bilparkeringsplassar.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

I 2012 vart det gjeve løyve til dispensasjon frå plan- og bygningslova i medhald av § 19 for oppføring av bede-, forsamlingshus, kulturhus på gnr. 35, bnr. 139 (Straume Forum) på motsett side av den kommunale vegen Idrettsvegen langs planområdet. Søknaden viste framlegg om opparbeiding av eit sideareal (fortau) på ca. 1,5 meter mellom Idrettsvegen og parkeringsplassane på gnr. 35, bnr. 139.

Statens vegvesen hadde vesentlege merknader til denne søknaden om dispensasjon der vi peika på trøng for fortau på minimum 2,5 meter langs austsida av den kommunale vegen, samt krav om ein byggeavstand på minimum 15 meter frå senterlinja på vegen.

Vi viser her til vårt brev av 05.09.2012.

Eigedomen gnr. 43, bnr. 139 er utbygd og teken i bruk utan at det er opparbeidd fortau eller avsett tilstrekkeleg areal mot den kommunale vegen som hindrar at parkerte bilar kjem i konflikt med vegarealet. Avkjøringa til gnr. 43, bnr. 139 er heller ikkje opparbeidd på ein tilfredsstillande i forhold til normalkrava i handbok N100.

Vi minner her om at kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at det vert bygd trafikksikre løysingar langs kommunale vegar og vil difor tilrå at planområdet vert utvida til også å omfatte deler av gnr. 43, bnr. 139 på austsida av den kommunale vegen slik at dette området kan utformast på ein trafikksikker måte.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN